

2023

Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gambling
and Foundation Authority

Norske pengespel **2023**

Gambling in Norway



Innhold

Låg vekst i omsetning, men større auke i pengar til formål	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS	15
Norsk Rikstoto	23
Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto	26
Bingo	27
Andre lotteri	31
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	34
English summary	35
Vedlegg	38

Låg vekst i omsetning, men større auke i pengar til formål

Netto omsetning i den regulerte marknaden auka ikkje so mykje i 2023 som tidlegare, og berre 1 prosent i denne årsstatistikken.

Dette skuldast delvis at vi for 2023 ikkje tek med omsetning for meldingslotteri. Arrangørar av slike lotteri er ikkje lenger pliktige til å levere melding og lotterirekneskap. Meldingslotterier hadde i 2022 ei netto omsetning på 130 millionar kroner, og hadde dei vore medrekna med om lag same beløp i 2023 ville auken i den totale marknaden vore mellom 2 og 3 prosent. Frå desember 2022 til desember 2023 var prisstigninga i Norge i følge SSB på 4,8 prosent.

Norsk Tipping hadde totalt ein auke i netto omsetning på 3 prosent. Stort sett stabilt på talspela og papirskrapelodd, reduksjon på terminalspela Multix og Belago og ein auke på sportsspel og spelkategorien Instaspill der mellom anna online kasino og bingo vert tilbydd. Det er spela med auke i omsetninga som er i direkte konkurranse med spela som dei ulovlege spelselskapa tilbyr, og denne auken kan delvis tilskrivast auka kanalisering.

Hestespela til Norsk Rikstoto hadde ein reduksjon på 4 prosent samanlikna med 2022. Vi antar at reduksjonen også for 2023 heng saman med innføring av strengare ansvarlegheitstiltak dei siste åra. Mellom anna kravet om registrert spel og maksimale tapsgrenser.

Private spel har og hatt ein vekst. Dette skuldast også i 2023 auka omsetning hos to av lotterier med lisens (Pantelotteriet og Postkodelotteriet).

Spel på skip hadde også ein viss vekst. Bingo har hatt ein liten reduksjon. Reduksjonen for bingo heng saman med nye krav. I løpet av 2023 kom det forbod mot autoplay for databingo. Autoplay gav spelarar høve til å delta i fleire spel samstundes, og i tillegg kunne ein delta utan å sjølv starte kvart einskild spel. Effekten av forbodet vert truleg større i 2024 då det vil gjelde heile året.

Andel til formålet av total netto omsetning har auka frå 66 % i 2022 til 69 % i 2023. Det har ført til at formåla i 2023 har fått 401 millionar meir enn i 2022. Dette er ein auke på 5 %.

Sterk kanalisering også i 2023

Talet på spelarar av nettspel som er i konkurranse med dei utanlandske nettstadene har auka noko. I følge målingar har Norsk Tipping ein viss vekst, det er stabile tal hos Norsk Rikstoto og ein reduksjon for dei utanlandske nettstadene. Auken finn ein på norske regulerte spel, og ikkje på utanlandske nettstadar.

Lotteritilsynet bereknar at netto omsetning (GGR) hos dei ulovlege aktørane er mellom 1,4 og 1,9 milliardar kroner i 2023¹. Dette utgjør om lag 12 prosent i den totale pengespelmarknaden i 2023. For spel som er i konkurranse er Norsk Tipping sin marknadsdel 52 prosent og Norsk Rikstoto har 16 prosent. Ulovlege aktørar hadde 32 prosent.

Atle Hamar
Direktør

Førde, januar 2025

¹ https://lottstift.no/content/uploads/2024/04/Rapport_Kulturdepartementet_mars_2023_UUweb_v2.pdf

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2023 omsett for 59,0 milliardar kroner. Av dette gjekk 47,2 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter utbetaling av gevinstar vart 11,9 milliardar kroner fordelt blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål².

Metode for datainnsamling blir omtalt i vedlegg.

Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2023

År 2023	Millionar	
	NOK	EUR ³
Brutto omsetning (spelt for)	59 044	5 170
Gevinst	47 156	4 129
Netto omsetning (lagt igjen/tap) /GGR	11 888	1 041

År 2023	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst) / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ⁴	10 697	937	2 154	189
Per innbyggjar 18 år og eldre	13 398	1 173	2 697	236
Per husstand ⁵	22 571	1 976	4 544	398
Prosent av disponibel inntekt ⁶	3,37 %		0,68 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 10 697 kroner i 2023.

Det er 312 kroner meir enn i 2022.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2023 ha lagt igjen 2 154 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 0,68 prosent. Beløpet er 4 kroner større enn i 2022.

² Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

³ Middelkurs 2023 frå Norges Bank 11,4206


⁴ Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2023 og 1/1-2024.

⁵ Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,11 (SSB).

⁶ SSB: Disponibel inntekt 2023: 1 751 321 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2023

Den norske pengespelmarknaden, brutto omsetning 2023,
totalt 59 044 millionar



I 2023 spelte nordmenn for 59 milliardar kroner mot nærare 57 milliardar i 2022.

I 2023 vart det satsa 49,4 milliardar på Norsk Tipping sine spel, 3,6 milliardar⁷ på Multix- og Belago-spel, og 27,3 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På Norsk Rikstoto sine hestespel spelte nordmenn for 3,1 milliardar kroner.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på omlag 5 milliardar, der bingo med medhjelpar utgjorde størsteparten og i overkant av 4,8 milliardar, inkludert sidespel i bingo (databingo). Omsetninga for bingo utan medhjelpar var 110 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det samla sett lotteria med lisens⁸ som hadde størst omsetning, og saman med andre lotteri med løyve vart omsetninga 791 millionar⁹. NM i poker hadde ei omsetning på 34 millionar.


Det vart spelt for 726 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

⁷ 1 547 mill. på Multix og 2 099 mill. på Belago.

⁸ Frå 1. jan. 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, i kap 10 i pengespelforskrifta.

⁹ Lag og organisasjonar med loddosal under kroner 200 000 er verken melde- eller regnskapspliktige. Deira omsetning var medrekna til og med 2022. Tidlegare var berre sokalla basarar ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden 2023, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 89 prosent av marknaden.

Pengepremiar og gevinstar i 2023

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	49 391	40 120	9 270	81 %
Norsk Rikstoto	3 144	2 192	952	70 %
Bingo med medhjelpar	4 848	3 903	944	81 %
Bingo utan medhjelpar	110	55	55	50 %
Lotteri med lisens	690	224	466	32 %
Andre lotteri med løyve	101	17	83	17 %
Poker-NM	34	27	8	78 %
Spel på skip	726	617	108	85 %
Total	59 044	47 156	11 888	80 %


Spelarane vann tilbake totalt 47,2 milliardar kroner av innsatsen på 59,0 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo med medhjelpar. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (85 %), bingo med medhjelpar (81 %) og Norsk Tipping (81 %).

Einskilde lotteri med løyve bokfører ofte lotteriet sin kostnad med varegevinstar og ikkje verdi på gevinst for spelar. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapsen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2023

Den norske pengespelmarknaden 2023, marknadsdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 86 prosent av marknaden i 2023.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2023

Netto omsetning	Mill. kr	Formål		Administrative kostnader	
		Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	9 270	7 087	76 %	2 184	24 %
Norsk Rikstoto	952	516	54 %	436	46 %
Bingo med medhjelpar	944	234	25 %	711	75 %
Bingo utan medhjelpar	55	49	89 %	6	11 %
Lotteri med lisens	466	244	52 %	222	48 %
Andre lotteri med løyve	83	41	50 %	42	50 %
Poker-NM	8	2	22 %	6	78 %
Spel på skip	108	22	20 %	86	80 %
Totalt	11 888	8 194	69 %	3 693	31 %


8,2 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. 7,1 milliardar kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (76 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk 516 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lotteri med lisens eller løyve og frå bingo utan medhjelpar. For bingo med medhjelpar, Poker NM og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter 25 prosent eller mindre av nettoomsetninga.

Frå bingo med medhjelpar fekk formåla 234 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i bingo med medhjelpar får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belagoterminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 22 millionar, og frå Poker-NM nærare 2 millionar kroner.

Figuren under viser formåla sine inntekter frå ulike spel og lotteri.

Den norske pengespelmarknaden 2023, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 242 millionar lågare i 2023 enn året før. Samstundes har nettoomsetninga auka med 154 millionar. Formåla har fått 395 millionar meir i 2023 enn i 2022, då formåla fekk 7 799 millionar kroner.

Administrative kostnader¹⁰ i 2023 utgjorde 3,7 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør, medhjelpar, og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar

og kommisjonær) sin del av inntektene. Den største delen av kostnaden (2,18 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her, og 24 % av netto omsetning. Større kostnadsbeløp kom og frå Norsk Rikstoto sine spel (0,44 mrd) og bingo med medhjelpar (0,71 mrd.), med høvesvis 46 % og 75 % av netto omsetning..

¹⁰ Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi sjå for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnad til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	9 270	480	5 %
Norsk Rikstoto	952	53	6 %
Totalt	10 223	534	5 %

Frå spela gjekk det 534 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar. Dette utgjer 5 % av netto omsetning, og er stabilt totalt samanlikna med 2022.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Spel- og lotteriinntekter 2023	Mill.kr	Prosent
Idrett	4 286	52 %*
Kultur (tippenøkkel)	1 047	13 %
Musikk/kultur/fritid	319	4 %*
Hest/hestesport	516	6 %
Helse	744	9 %*
Humanitær	950	12 %*
Diverse	202	2 %*
Lokalradio /- TV	43	0,5 %
Uspesifisert og vil inngå i andre formål	63	0,8 %
Tiltak mot speleavhengigheit	35	0,4 %
Totalt	8 205	100 %

*) I tillegg får formåla delar av 63 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 0,8 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabiliteringsformål. Fordelinga er forankra i Pengespelova § 12. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkelen og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå bingo med medhjelpar får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Vidare er grasrotordninga og midlar til tiltak mot uheldig speleåtferd heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

I tillegg til midlar over tippenøkkelen er det også utbetalt 11,1 millionar til mottakarar under tippenøkkelen. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2023. Frå Belago-terminalane har organisasjonar motteke om lag ein million mindre enn det som er tildelt av Norsk Tipping. Dette heng saman med periodisering og etter-slep. Her inngår beløp som er motteke.

Idrett (4 286 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 3 723 mill., 403 mill. frå grasrotordninga, 110 mill. frå bingo med medhjelpar, 19 mill. frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 17 mill. frå spel på skip og 12 mill. frå andre lotteri med løyve.

Idretten har også 2 millionar i inntekt frå bingo utan medhjelpar. Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 366 millionar *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 1 047 mill. blei fordelt over tippenøkkelen.

I tillegg er 319 mill. inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 220 mill., bingo med medhjelpar 56 mill., bingo utan medhjelpar 4 mill., inntekt frå Belago med 10 mill., spel på skip 2 mill., andre lotteri med løyve 4 mill., og tildeling frå Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS) på grunnlag av søknad 24 mill.

Hest/hestesport (516 millionar)

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (744 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund, Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 398 mill. frå Norsk Tipping via tippenøkkelen, men i tillegg fekk andre helseorganisasjonar 212 mill. etter søknad til LS. Vidare kom det 18 mill. frå andre lotteri med løyve, 52 mill. frå bingo med medhjelpar, 0,2 mill. frå bingo utan medhjelpar, 10 mill. frå Belago, 51 mill. frå grasrotordninga (NT), 1,5 million frå spel på skip og frå Poker-NM 1,7 million.

Humanitær (950 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 566 mill., større lotteri med lisens 186 mill., andre lotteri med løyve 4 mill., bingo med medhjelpar med 8 mill., bingo utan medhjelpar 0,1 million og vel 1 million frå Belago. I tillegg er det rekna med 7 mill. frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 177 mill. etter søknad til LS og nær 1 million frå spel på skip.

Diverse organisasjonar (202 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom etter søknad til LS (79 mill.), frå større lotteri med lisens (58 mill.), frå bingo med medhjelpar (9 mill.), vel 1 million frå Belago, andre lotteri med løyve (2,5 mill.), grasrotmidlar (NT) (51 mill.), spel på skip (1 mill.).

Lokalradio/-TV

Desse har hatt ei inntekt på 43 millionar frå eigne bingosendingar.


Tiltak vedkommande uheldig speleåtfærd (35 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (63 millionar)

Dette er inntekt frå grasrotmidlane som vi ikkje har datagrunnlag til å fordele på formåla ovanfor.

Den norske pengespelmarknaden år 2023, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Endring frå år 2022

Formåla fekk for 2023 tilført 401 millionar meir enn året før. Noko som utgjør fem prosent. Endringar er større for einskilde kategoriar av formål.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2022	2023	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	3 978	4 286	308	8 %
Kultur	966	1 047	81	8 %
Musikk/kultur/fritid	315	319	4	1 %
Hest/hestesport	517	516	-1	0 %
Helse	745	744	-2	0 %
Humanitær	801	950	150	19 %
Diverse	196	202	5	3 %
Lokalradio /- TV	42	43	1	2 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	210	63	-147	-70 %
Tiltak vedk. speleavhengighet	33	35	3	8 %
Totalt	7 803	8 205	401	5 %

Det er fleire årsaker til endringane. Ei årsak er at ein større del av det som tidlegare var *uspesifisert* no er fordelt på kategoriar. Andre årsaker er større beløp til formål totalt sett og at nokre organisasjonar har fått tildelt beløp etter klage på tidlegare tildelingar frå Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar. kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2022 - 2023
Brutto omsetning (spelt for)	43 671	46 548	49 592	51 015	51 878	56 672	59 044	4 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 270	10 480	10 577	10 950	11 060	11 734	11 888	1 %

Omsetninga er auka med nærare 4 % for brutto og 1 % for netto omsetning. Meldingslotteri som i 2022 omsette for om lag 150 millionar brutto og 130 millionar netto er ikkje lenger med i denne statistikken. Etter ny pengespellov er slike lotteri verken melde- eller rekneskaps-pliktige. Dette påverkar i mindre grad tal for heile spelemarknaden.

Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2022 - 2023
Brutto omsetning	34 916	38 122	40 267	42 594	43 741	46 702	49 391	6 %
Netto omsetning	7 835	8 142	8 156	8 510	8 669	8 989	9 270	3 %

Brutto og netto omsetning auka med høvesvis 6 % og 3 % samanlikna med 2022. Større vekst for brutto skuldast vekst i spel med høgare gevinstprosent.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2022 - 2023
Brutto omsetning	3 894	3 611	3 398	3 589	3 228	3 263	3 144	- 4 %
Netto omsetning	1 242	1 154	1 074	1 108	983	990	952	- 4 %

Norsk Rikstoto si omsetning er redusert med 4 % samanlikna med 2022.

Bingo med medhjelpar

Tal i millionar kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2022 - 2023
Brutto omsetning	3 737	3 648	4 638	3 707	3 637	5 016	4 848	- 3 %
Netto omsetning	726	696	807	738	730	954	944	- 1 %

Omsetning i bingo med medhjelpar har hatt ein liten reduksjon frå 2022. 3 % for brutto, og 1 % for netto omsetning.

Bingo utan medhjelpar

Tal i millionar kroner (brutto omsetning)	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal løyve:	240	240	230	175	150	165	150
Omsetning:	118	113	127	116	111	113	110

Tal lag som har gjennomført bingo utan medhjelpar er redusert noko i 2023.

Lotteri med lisens

Tal i millionar kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2022 - 2023
Brutto omsetning	163	302	459	568	628	690	10 %
Netto omsetning	104	153	274	368	421	466	11 %

Omsetninga for lotteri etter kapittel 10 i pengespelforskrifta har hatt ein auke med 10 % for brutto og 11 % for netto.

Andre lotteri med løyve¹¹

Tal i millionar kroner	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2022 - 2023
Brutto omsetning	175	152	125	114	101	101	0 %
Netto omsetning	144	127	107	95	82	83	1 %

Omsetninga for landsdekkande og meir lokale lotteri har hatt stabil omsetning frå 2022.

Poker-NM

Tal i millionar kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Brutto omsetning	17	21	22	0	24	26	34
Netto omsetning	3	3	4	0	5	6	8

På grunn av covid-19 vart ikkje Poker-NM arrangert i 2020.

Spel på skip


Tal i millionar kroner	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2022 - 2023
Brutto omsetning	557	566	556	302	335	671	726	8 %
Netto omsetning	74	85	86	41	49	104	108	4 %

Spel på skip har auka omsetninga noko frå 2022, med høvesvis 8 % og 4 % for brutto og netto omsetning.

¹¹ Dette er landsdekkande, regionale og lokale lotteri med større omsetning enn det som gir fritak for melde- og regnskapsplikt.

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje.
Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 49,4 milliardar kroner i 2023.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2023, totalt 49 391 millionar



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget, Extra og Momento ¹²	11 820	24 %
Sportsspel:	Tipping ¹³	503	1 %
	Oddsspel før arrangement	2 781	6 %
	Oddsspel under arrangement (ofte fotballkamp)	2 374	5 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 002	2 %
Terminalspel:	Multix og Belago	3 645	7 %
Instaspill:	Online - Flax, Bingoria, KongKasino og Yezz	27 266	55 %
Total brutto omsetning		49 391	100 %

¹² Momento (brutto oms. 5 millionar) var testa i marknaden frå august 2023 til mars 2024.

¹³ Inkludert Fantasy med brutto omsetning 6 millionar.

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd (papir)	Terminal- spel ¹⁴	Instaspill	Totalt
Total brutto oms.	11 820	5 657	1 002	3 645	27 266	49 391
Totalt til gevinst	5 933	4 494	565	3 383	25 746	40 120
Total netto oms.	5 887	1 163	438	262	1 520	9 270
Gevinstprosent	50 %	79 %	56 %	93 %	94 %	81 %

Totalt gjekk 81 prosent tilbake til spelar som gevinst. 19 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd, med høvesvis 50 og 56 prosent.


Sportsspel har ein samla gevinstdel på 79 prosent der oddsspel under arrangement har høgaste prosent med 84 %. Oddsspel før arrangement hadde ein samla gevinstdel på 80 prosent¹⁵. For tipping er gevinstprosenten 54 %. Høgaste gevinstprosent hadde terminalspela med 93 prosent og Instaspill med 94 prosent.

På grunn av lågare gevinstdel på talspel er omsetninga her størst etter gevinstutbetaling. To tredelar av netto omsetninga, eller nær 5,9 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk, eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 2 940 ved utgangen av 2023.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 41 985 millionar kroner. 5 547 mill. vart satsa på sportsspel og 9 172 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 27 266 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 3 765 mill.¹⁶ på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 3 645 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

Netto omsetning, Norsk Tipping AS, etter gevinstutbetaling 2023, totalt kroner 9 270 millionar. Millionar og prosent per spelkategori.



¹⁴ Multix: Brutto 1 547 mill. og netto 121 mill. Belago: Brutto 2 099 mill. og netto 141 mill.

¹⁵ Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %. Andre oddsspel før arrangement var 80%.

¹⁶ Av dette utgjør Spill i kasse 181 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk eller i kassa i daglegvareforretningar.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 9 270 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	7 087	76 %
Driftskostnader Norsk Tipping ¹⁷	1 703	18 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	480	5 %
Midlar som er haldne tilbake i NT ¹⁸	0	0 %
Sum = netto omsetning	9 270	100 %

Til formåla gjekk det 7 087 millionar kroner eller 76 prosent av netto omsetning. I 2022 var prosenten til formål 73 %, som utgjorde 6 582 millionar.

Frå 2023 - overskotet vart 6 215 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 42 mill. frå Belago-terminalane som formålsinntekt

i bingo, 794 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 35 mill. til tiltak mot uheldig speleåtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2023 vart utbetalt til formål i 2024.

¹⁷ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandelen er ikkje rekna med her.

¹⁸ Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det vart ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2023.

Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen¹⁹

Frå 2023- overskotet gjekk kroner 3 723 millionar²⁰ til idrettsformål. 1 047 mill. til kulturformål og 1 047 mill²¹. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 398 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam).

Blant kulturformål fekk Den kulturelle skolesekken 350 mill.,
Frifond 210 mill. og Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg 86 mill.


Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.²²

Tal i millionar kroner	
Idrettsanlegg ²³	1 935,4
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	870,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	485,0
Spesielle aktivitetar	170,0
Forskings- og utviklingsarbeid	39,8
Nasjonalanlegg og spesielle anlegg	90,3
Særskilte tilskot	132,5
Totalt	3 723,0

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, hhv. 52 % og 23 %. Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar, 2023



19 Kultur- og likestillingsdepartementet: Prop. 1 S (2024-2025) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 149 til 157.

20 I tillegg blei det brukt 18 mill. kroner av disponible midlar, slik at det ble fordelt 1 886 398 000 kroner til idrettsanlegg i kommunane i 2024.

21 Overskotet frå Norsk Tipping i 2023 til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2024 var 1 047,1 mill. kroner. I tillegg er det brukt 11,1 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år, slik at det totale beløpet til fordeling i 2024 vart 1 058,2 mill. kroner.

22 Pressemelding frå Kulturdepartementet 3. mai 2024, beløp er avrunda.

23 I tillegg vart det brukt 18 mill. kroner av disponible midlar til idrettsanlegg i kommunane som då totalt blir tildelt 1 886,4 millionar kroner.

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 1 058,2 millionar kroner.

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping. Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke Lotteri- og stiftelsestilsynet om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2024	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2023
Norges Røde Kors	334,4 mill
Redningsselskapet	206,4 mill
Norsk Folkehjelp	25,4 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	492,1 mill
Totalt	1 058,2 mill

49 organisasjonar²⁴ har etter søknad fått tildelt 492 millionar kroner.

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	36	212 mill
Musikk/kultur/fritid	3	24 mill
Humanitær	4	177 mill
Diverse	6	79 mill
Totalt	49	492 mill

²⁴ Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling. Omfattar også fire av organisasjonane som i tillegg har fått ekstra tildeling etter klage på tildeling i 2023.

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si spelomsetning i 2023 har det gått 794 millionar²⁵ til 37 256 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa på spel i 2023 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i frivillighets-registeret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrot-midlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2023, kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	403 284 802	10 054
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	84 454 048	7 692
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	72 384 537	7 311
Interesseorganisasjonar	Helse	50 489 059	2 898
Dyrevern	Diverse	40 466 108	163
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	33 373 165	1 089
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	33 121 248	3 226
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	28 506 076	1 811
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	13 595 470	533
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	7 040 356	184
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	5 376 152	247
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	5 218 715	804
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	4 433 252	163
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	4 113 477	370
Natur- og miljøvern	Diverse	2 986 974	318
Frivillighetssentralar	Musikk/kultur/fritid	1 820 830	117
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 451 182	13
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	663 763	112
Andre	Diverse	591 796	25
Politiske organisasjonar	Diverse	384 413	93
Anna utdanning	Diverse	137 601	10
Sjukehus og rehabilitering	Helse	90 650	4
Juridisk rådgiving	Diverse	73 813	2
Forsking og utvikling	Diverse	59 706	4
Grunn- og vidaregåande utdanning	Diverse	45 033	3
Arbeidsopplæring	Diverse	17 048	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	16 096	5
Sjukeheimar	Helse	9 783	1
Høgskule og universitet	Diverse	1 728	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	505	1
Totalt		794 207 386	37 256

²⁵ På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2023	Millionar	Prosent
Idrett	403	51 %
Helse	51	6 %
Musikk/kultur/fritid	220	28 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	51	6 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	63	8 %
Totalt	794	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 51 prosent, gjekk i 2023 til idrettslag. Også organisasjonar innan *Musikk/kultur/fritid* har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga større enn det som kjem fram over.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2023 gjekk det frå desse terminalane 42,3 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 141 millionar i 2023) og har mottatt 41,3 millionar²⁶. Beløpet blir betalt ut gjennom bingomedhjelparane. Basert på kategorisering av ICNPO koder²⁷ (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar	Prosent
Idrett	18,8	45 %
Helse	9,8	24 %
Musikk/kultur/fritid	9,9	24 %
Humanitær	1,4	3 %
Diverse	1,5	4 %
Totalt	41,3	100 %

²⁶ Skilnaden på beløp frå Norsk Tipping og faktisk utbetalt i 2023 skuldast periodisering og etterslep.

²⁷ 58 lag og foreiningar med totalt 0,4 million i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

Stiftelsen Dam

Stiftelsen fekk 397,8 millionar frå tippenøkkelen.

Fordeling til program frå Stiftelsen Dam


Stiftelsen fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar i Norge. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar etter ha blitt godkjent som søkjarorganisasjonar av stiftelsen.

Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Stiftelsen delte ut 405 millionar kroner. Her inngår også stiftelsen sitt program Ekspres, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har fått innvilga 16,7 millionar til mindre prosjekter i lokallaga. Fordelinga skjedde i 2024.

Fordeling til formål	Mill. kr	Prosent
Helse	109,7	27 %
Utvikling	127,5	31 %
Forsking	151,2	37 %
Ekspres	16,7	4 %
Totalt	405,0	100 %

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,14 milliardar kroner i år 2023.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2023,
totalt 3 144 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 144	100 %
Totalt til gevinst	2 192	70 %
Total netto omsetning	952	30 %

70 prosent av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2023, frå 942 til 760. Ved utgangen av 2023 var det i Norge ti travbaner og ei galoppbane, men det kan også spelast på løp i andre land.

16 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar. Omsetning på baner er frå 2023 rekna med som omsetning gjennom fysiske kommisjonærar. Sal av spel over internett / mobil utgjorde 84 prosent. I 2022 utgjorde denne omsetninga 81 prosent.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	492	16 %
Internett/Mobil	2 652	84 %
Totalt	3 144	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter gevinstutbetaling var det 952 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	516	54 %
Til operatør (Rikstoto) ²⁸	383	40 %
Til kommisjonær	53	6 %
Sum = netto omsetning	952	100,0 %

Til formåla gjekk det 515,8 millionar kroner eller 54 prosent av netto omsetning.

Frå og med 2023 er fordeling på ulike formålskategoriar endra. Fordeling til formål kan fordelast etter Forskrift om fordeling av overskuddet frå pengespill på hest.²⁹

Fordeling til formål	Mill. kr
Tilskot utan søknad	
Det Norske Travelskap	423,0
Norsk Galopp	47,5
Norsk Hestesenter	29,9
Tilskot etter søknad	15,5
Totalt	515,8

I forskrifta om fordeling av overskot står det om formål:

Tilskot utan søknad:

Det Norske Travelskap: 82 prosent Tilskotet skal fremme ei sunn utvikling av norsk travsport, hestehald og hesteavl gjennom å bidra til dekning av arrangementskostnader ved tilskot til den einskilde travbane, premiar til hesteeigarar oppdrettarar, trenarar og kuskar, administrasjon, investeringar i bane- og treningsanlegg og infrastruktur, og støtte til frivillig aktivitet.

Norsk Galopp: 9,2 prosent Tilskotet skal fremme ei sunn utvikling av norsk galoppsport, hestehald og hesteavl gjennom å bidra til dekning av arrangementskostnader ved tilskot til den einskilde galoppbane, premiar til hesteeigarar, oppdrettarar, trenarar og kuskar, administrasjon, investeringar i bane- og treningsanlegg og infrastruktur, samt støtte til frivillig aktivitet.

Norsk Hestesenter: 5,8 prosent Tilskotet skal bidra til Norsk Hestesenter sitt arbeid med å fremme kvaliteten på hestehald og hesteavl i Noreg.


Tilskot etter søknad:

Inntil 3 prosent av overskotet Dette vert tildelt ikkje-fortenestebaserte organisasjonar som arbeidar for å fremme norsk hesteavl, hestehald og hestesport.

²⁸ Provisjonar internettspelel og avgift nordisk spel er medrekna her.

²⁹ <https://lovdata.no/forskrift/2023-03-13-327>

Prosentvis fordeling av formålsmidler frå Norsk Rikstoto 2023 totalt kr 516 millionar



Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 53,3 mill. eller 6 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	382,9
Andre inntekter	49,1
Samla kostnader	432,0
Årsresultat	0

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart kroner 0,- i 2023. I 2022 vart resultatet eit underskot på 6,1 millionar.

Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett med kjøp av spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er dette same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i Instaspill-kategorien og Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Norsk Tipping	38 %	44 %	51 %	59 %	68 %	78 %	80 %	82 %	85 %
Norsk Rikstoto	43 %	46 %	49 %	62 %	66 %	74 %	78 %	81 %	84 %

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2023 var 84 % av spelet kjøpt på internett og med mobil. Norsk Tipping har ein breiare spelportefølje, og totalt kom 85 % av bruttoomsetninga på nett og mobil i 2023.

For Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria, Yezz og e-Flax kom 100 % via internett og mobil. Tilsvarande del frå sportsspel og talspel var høvesvis 98 % og 78 %. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteri-tilsynet i 2023³⁰ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2023.

Frå desse undersøkingane har 50 prosent av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2023 utgjorde dette 2,21 million

nordmenn over 18 år. 98 prosent av nettspelarane sa dei spelte hos norsk regulert aktør – Norsk Tipping (96 %), Norsk Rikstoto (10 %), Postkode-lotteriet (6 %) eller nettbingo hos lokal bingohall som tilbyr hovudspel på nett (0,4 %). 9 prosent av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på ulovlege nettstader, noko som utgjer mellom fire og fem prosent av nordmenn 18 år og eldre. Når vi samanliknar desse resultata med reelle tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto ser vi at målingane gir for høgt anslag for nettspelarar.

For 2023 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1,4 og 1,9 milliard kroner på ulovlege nettstader.

³⁰ Kvartalsvise målingar gjort i 2023 (totalt 4 029 spurde over 18 år).

Bingo deler vi i to typer: *Bingo med medhjelpar* der medhjelpar står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan medhjelpar* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Bingo med medhjelpar

Dette er arrangement der medhjelparar (profesjonelle bingoaktørar) driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 42 bingo-medhjelparar som til saman dreiv 213 bingolokale i 2023. I 2022 var det 233 bingolokale.

Bingo med medhjelpar – nøkkeltal år 2023

Brutto omsetning sidespel er inkludert	4 848 mill kr
Gevinst	3 903 mill kr
Netto omsetning	944 mill kr
administrativ kostnad	711 mill kr
overskot til formåla ³¹	234 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	5 %
Formåla sin del av netto oms.	25 %
Gevinstprosent	81 %

Bingo med medhjelpar omsette for 4,8 milliardar kroner. Til lag og organisasjonar vart det overført 234 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 81 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2022 er omsetninga litt redusert. Brutto omsetning i 2022 var 5 016 millionar kroner, og netto omsetning var 954 millionar kroner.

Formåla har dermed fått litt mindre inntekt frå bingo enn i 2022. Reduksjonen utgjer 7 millionar. Dei fleste formål får i tillegg inntekt frå Belago der inntektene også er litt redusert. Totalt er inntektene til formåla redusert med 11 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2023 fekk formåla 41 millionar kroner frå Belago, ein reduksjon på 4 millionar kroner frå 2022.

31 Etter at medhjelpar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2023

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	Pst. til formål av nettoomsetning
Hovudspel	1 226	890	73 %	336	53	16 %
Sidespel:						
- databingo	3 622	3 013	83 %	609	181	30 %
Totalt	4 848	3 903	81 %	944	234	25 %

For hovudspel er netto omsetning litt større enn i 2022 då den var oppgitt til 324 millionar kroner. Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette auka litt frå 2022. For 2022 var det ei brutto omsetning på 385 millionar kroner i hovudspel på nett. I 2023 var talet 389 millionar. Netto omsetning for sidespel (databingo) er redusert noko frå 629 millionar i 2022 til 609 millionar i 2023. Totalt for hovud- og sidespel er netto omsetning redusert med 10 millionar samanlikna med 2022.

81 prosent av bruttoomsetninga i bingo med medhjelpar gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har sidespela (databingo) med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 234 millionar kroner i inntekt frå bingo med medhjelpar utan at Belago er rekna med. 77 prosent av desse inntektene kom frå databingo.


Bingomedhjelparane har rapportert at dei spelte for 3 008 lag og foreiningar i år 2023. Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2023 vart det gjennom bingomedhjelparane fordelt 41 millionar kroner til 2 948 organisasjonar.

I fjerde kvartal 2023 var det totalt utplassert 1 301 Belago-terminalar i 196 bingohallar.

Alle bingomedhjelparane har rapportert omsetning frå databingo, og vi reknar med at det var utplassert ein stad rundt 6 000 terminalar 2023.

Formål	Bingoinntekter (hovud - og sidespel) ³²	Belago- inntekter ³³	Totalt	
	Mill.	Mill.	Mill.	Prosent
Idrett	110	19	129	47 %
Helse	52	10	61	22 %
Musikk/kultur/fritid	56	10	65	24 %
Humanitær	8	1	9	3 %
Diverse	9	1	10	4 %
Totalt	234	41	275	100 %

Inntekt til formåla i 2023 medrekna Belago,
totalt 275 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 129 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 61 og 65 millionar kroner.

³² 58 lag og foreiningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-koder som omfattar fleire kategoriar.

³³ Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

Bingo utan medhjelpar

Bingoane her er omtalt som *foreinings-* eller *bygdebingo*ar samt bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2023³⁴, frå 85 organisasjonar for vanleg bingo utan medhjelpar og 64 for radio- /TV-bingo.

Bingo utan medhjelpar – nøkkeltal år 2023

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	29 mill kr	82 mill kr	110 mill kr
Gevinst	19 mill kr	37 mill kr	55 mill kr
Netto omsetning	10 mill kr	45 mill kr	55 mill kr
administrativ kostnad	3 mill kr	2 mill kr	6 mill kr
overskot til formål	6 mill kr	43 mill kr	49 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	65 %	95 %	89 %
Gevinstprosent	65 %	45 %	50 %

Brutto omsetning for bingo utan medhjelpar var 110 millionar kroner i 2023, fordelt på 29 millionar kroner for foreiningsbingo³⁵ og 82 millionar for radio/TV-bingo.

Omsetninga er stort sett uendra frå 2022, og dette gjeld begge formar for bingo.

Etter fråtrekk av gevinstkostnader utgjer netto omsetning 55 millionar, og 49 av desse er overskot til ulike formål.

Formålsinntekter fordelt på kategoriar formål:

Formål	Mill.	Prosent
Idrett	2,0	4 %
Helse	0,2	0,4 %
Musikk/kultur/fritid	4,1	8 %
Humanitær	0,1	0,1 %
Diverse	0,0	0 %
Lokalradio og lokal-TV	42,8	87 %
Totalt	49,2	100,0 %

³⁴ Det er ikkje motteke rekneskap for 24 bingoøyve.

³⁵ Omsetning inklusiv papirsidespel.

Andre lotteri

For 2023 har vi registrert omlag 71 ulike lotteri.

Lotteria her er landsdekkande, regionale eller lokale. Frå 2023 er dei minste lotteria ikkje lenger med i statistikken. Etter ny lotterilov er organisasjonar verken melding- eller rapporteringspliktige dersom dei har loddsal for mindre enn kroner 200 000,- Vi viser først tal for landslotteri, regionale og lokale lotteri som er meldingspliktige, deretter lotteria etter kapittel 10 i forskrift til Lotterilova, og Poker-NM.

Landsdekkande, regional og lokale lotteri

Vi har totalt registrert 68 lotteri. 16 av desse er landsdekkande.

Landslotteri, regionale og lokale lotteri – nøkkeltal år 2023

Loddsal / Brutto omsetning	100,7 ³⁶ mill kr
Gevinstkostnad	17,3 mill kr
Netto omsetning	83,4 mill kr
administrative kostnader	42,1 mill kr
overskot til formåla	41,3 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	41 %
Formåla sin del av netto omsetning	50 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	17 %

Total omsetning var 101 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2023 var 17 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 42 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 41 millionar. Dette utgjorde 41 prosent av brutto – og 50 prosent av netto omsetning.

Lotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlem-sal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

³⁶ 11 regionale eller lokale lotteri har ikkje rapportert nøkkeltal. Desse er her berekna med gjennomsnittstal frå dei 41 andre regionale eller lokale lotteri med gjennomsnittleg snitt brutto omsetning på kr 529 391,-

Fordeling inntekt til formåla

Kategori	Tal lag/org	Overskot (mill.)	Prosent overskot
Idrett	42	12,1	29 %
Helse	9	18,4	44 %
Musikk, kultur og fritid	5	4,1	10 %
Humanitær	8	4,3	10 %
Diverse	4	2,5	6 %
Totalt	68	41,3	100 %

Helseorganisasjonar har størst prosentdel til formål. Dette skuldast mellom anna at desse ni organisasjonane har alle landsdekkande lotteri.

Administrative kostnader utgjorde 42 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria som ikkje er gevinstkostnader.

Av lotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige landslotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2023 omsette LHL sitt lotteri for nær 36 millionar, mot 31 millionar i 2022

Større lotteri etter kap 10 i pengespelforskrifta³⁷

Desse lotteria har større årleg omsetningsramme. I 2023 var det tre slike lotteri. Samla omsetning for lotteria var 690 millionar. Dei to største lotteria, Pantelotteriet og Postkode-lotteriet, har auka omsetninga.

Kap 10 – lotteri, nøkkeltal år 2023

Loddsal	690 mill kr
Gevinstkostnad	224 mill kr
Netto omsetning	466 mill kr
administrative kostnader	222 mill kr
overskot til formåla	244 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.	35 %
Formåla sin del av netto oms.	52 %
Gevinstkostnad av brutto oms.	32 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotteria i 2023 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), samt Right to Play (SnapChance). Blant formål har 186 millionar gått til organisasjonar i kategori *Humanitær*, medan 58 millionar går til miljø-organisasjon som fell inn under kategorien *Diverse*.

³⁷ Før 1. januar 2023: Pengespel med omsetning inntil 360 millionar kroner, § 7 i forskrift til lov om lotterier m.v.

Poker-NM, nøkkeltal år 2023

Brutto omsetning (deltakaravgift)	34,2 mill kr
Gevinstkostnad	26,6 mill kr
Netto omsetning	7,6 mill kr
administrativ kostnad	5,9 mill kr
overskot til formål	1,7 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	22 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	78 %

Det var Gynkreftforeningen og Blodkreftforeningen som mottok formålsandelen fra Poker-NM i 2023.

I 2023 har totalt seks skip hatt løyve til å tilby spel som går i rute mellom norsk og utanlandsk hamn. Dette er fem skip frå Color Line og eitt frå Fjordline som tilbydde pengespel fram til og med september 2023. Om bord på skipa er det to typar spel; automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Passasjerane spelte i 2023 for 726 millionar om bord i desse skipa. Det meste, og 84 prosent vart spelt på automatar. 16 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip – nøkkeltal 2023

Brutto omsetning³⁸		
Automatar		609,9 mill kr
Spelebord		115,7 mill kr
Totalt		725,6 mill kr
Utbetalt gevinst		
Automatar		532,1 mill kr
Spelebord		85,3 mill kr
Totalt		617,4 mill kr
Total netto omsetning		108,2 mill kr
administrativ kostnad		86,5 mill kr
overskot til formåla		21,7 mill kr
Formåla sin del av brutto oms.		3 %
Formåla sin del av netto oms.		20 %
Gevinstkostnad av brutto oms.		85 %

21,7 millionar var fordelt til 114 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	16,7	77 %
Helse	1,5	7 %
Musikk/kultur/fritid	1,8	8 %
Humanitær	0,7	3 %
Diverse	1,1	5 %
Totalt	21,7	100 %

³⁸ Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalte. For spelebord er brutto omsetning verdien på talet sjetongar som er kjøpt.

English summary

In 2023 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 59.0 billion. Out of this, the players collected NOK 47,2 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 11.9 billion to be distributed among the market participants, i.e., operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 56.7 billion in 2022.

Key figures in the gambling market in Norway

Year 2023	Million	
	NOK	EUR ³⁹
Gross turnover (total wagered)	59 044	5 170
Prizes	47 156	4 129
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	11 888	1 041

Year 2023	Amount wagered		Expenditure / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ⁴⁰	10 697	937	2 154	189
Per capita, 18 years and older	13 398	1 173	2 697	236
Per household ⁴¹	22 571	1 976	4 544	398
Percentage of disposable income ⁴²	3.37%		0.68 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 10,697 in 2023.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,154. This amounts to 0.68 % of the disposable income per household.


³⁹ Average rate of exchange 2023 as determined by Norges Bank: 11.4206

⁴⁰ Average population as determined by Statistics Norway.

⁴¹ The average number of persons per household is 2.11. Figures from Statistics Norway.

⁴² Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1.751.321 million.

The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2023, total 59 044 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., NOK 49.4 billion (of this 3.6 billion on IVTs and 27.3 billion on interactive online games⁴³). Norwegians wagered around NOK 3.1 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. It was wagered near NOK 5 billion on bingo, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.8 billion. Also included here are side games (electronic⁴⁴ and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 110 million.

Among the lotteries, the licensed lotteries and the ones with permission have a total turnover at NOK 791 million.

The Norwegian championship in tournament poker had a gross turnover on NOK 34 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 726 million in 2023⁴⁵.

⁴³ Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 262 million, and NOK 1,520 million on online casino, online scratch games and online bingo.


⁴⁴ Bingo machines.

⁴⁵ For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2023,
market share of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2023,
market shares of gross gaming revenue



Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten bygger hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden. Tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er for det meste henta frå dei sjølv. Fordelinga av tippemidlar kjem frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Fordelinga av midlane frå Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingomedhjelparar og lotteri med løyve har rapportert sine tal og desse er registrert i Lotteri-registeret.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Organisasjonar sine ICNPO-kodar er også brukt for å gruppere til kategoriane.

**Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner,
– frå Norsk Tippings overskot i 2023 - utbetalt etter søknad i 2024**

Organisasjon	Mill. kroner
ADHD NORGE	1 815 052
AUTISMEFORENINGEN I NORGE	1 312 592
BARNEKREFTFORENINGEN	4 760 342
BLÅ KORS NORGE *	2 652 342
BLÅ KORS NORGE	13 826 096
BRYSTKREFTFORENINGEN	1 254 019
CEREBRAL PARESE-FORENINGEN	1 903 379
DEN NORSKE TURISTFORENING	12 643 442
DIABETESFORBUNDET	4 581 214
DYREBESKYTTELSEN NORGE	2 047 859
DYSLEKSI NORGE	1 447 758
EPILEPSIFORBUNDET	1 710 539
FORANDRINGSFABRIKKEN STIFTELSE	1 143 373
FORENINGEN FOR HJERTESYKE BARN	1 856 427
FRAMTIDEN I VÅRE HENDER	4 630 394
FRELSESARMEEN	62 349 661
HLF HØRSELSHEMMEDES LANDSFORBUND	7 013 897
IOGT I NORGE *	704 093
IOGT I NORGE	3 283 476
KIRKENS SOS	5 072 847
KREFTFORENINGEN	59 501 481
LANDSFORENINGEN UVENTET BARNEDØD	1 142 529
LEVE-LANDSFORENINGEN FOR ETTERLATTE VED SELVMORD	883 624
LHL	11 817 134
MULTIPPEL SKLEROSE FORBUNDET I NORGE	2 853 679
NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN	16 425 278
NORGES ASTMA-OG ALLERGIFORBUND	3 075 510
NORGES BLINDEFORBUND	24 584 712
NORGES DØVEFORBUND	1 840 086
NORGES HANDIKAPFORBUND	5 574 937
NORGES JEGER- OG FISKEFORBUND	9 144 098
NORGES LIVREDNINGSSKAP	1 527 843
NORGES NATURVERNFORBUND	4 768 954
NORGES PARKINSONFORBUND	1 576 258
NORSK CØLIAKIFORENING	1 355 494
NORSK FORBUND FOR UTVIKLINGSHEMMEDE	2 149 039
NORSK FOSTERHJEMSFORENING	1 099 812
NORSK REVMAIKERFORBUND	3 776 071
NORSKE KVINNERS SANITETSFORENING	9 712 631
NORSKE REDNINGSHUNDER	1 996 894
PERSONSKADEFORBUNDET LTN	1 592 160
PROSTATAKREFTFORENINGEN (PROFO)	1 008 319
PSORIASIS- OG EKSEMFORBUNDET	919 021
RIO - EN LANDSDEKKENDE BRUKERORGANISASJON PÅ RUSFELTET	1 133 209
RÅDGIVNING OM SPISEFORSTYRRELSER	3 823 670
STIFTELSEN KIRKENS BYMISJON *	52 725 727
STIFTELSEN KIRKENS BYMISJON	88 124 332
STIFTELSEN LIVSGLEDE FOR ELDRE	1 794 599
STIFTELSEN NORSK LUFTAMBULANSE *	512 174
STIFTELSEN NORSK LUFTAMBULANSE	32 586 382
SUNNAASSTIFTELSEN	1 859 369
SYKEHUSKLOVNENE	2 526 834
VOKSNE FOR BARN	2 648 945

*) Etter klage 2023

<https://lottstift.no/content/uploads/2024/12/Utbetaling-speleoverskotet-til-NT-2024.xlsx>



Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

